

# *Hardangervidda Fjelloppsyn as*

<b>Rapport nr:</b> 12-2000
<b>Dato:</b> Desember 2000

## **RAPPORT**

<b>Rapportens tittel:</b> Årsrapport 2000 for Hardangervidda Fjelloppsyn as
<b>Forfatter (e):</b> Georg Gjøstein
<b>Oppdragsgjevar:</b> Hardangervidda Fjelloppsyn as
<b>Emneord:</b> Organisasjonen      Utført arbeid
<b>Samandrag:</b> Hardangervidda Fjelloppsyn as har totalt arbeidd 5,6 årsverk i 2000. Det er utført arbeid for 13 institusjonar der Fjellstyra på Hardangervidda, Statens naturoppsyn og NINA-NIKU er dei største.

## **Forord**

Dette er ein årsrapport som saman med offisiell årsmelding og rekneskap gir oversikt over verksemda til Hardangervidda Fjelloppsyn as i 2000.

Me vil takke oppdragsgjevarane og andre kontaktar for samarbeidet i 2000. Samstundes rettar me ein takk til dei tilsette for innsatsen i året som har gått.

Geilo, januar 2001

Ragnar Ystanes /s/  
Styreleiar

Georg Gjøstein  
Dagleg leiar

<b>1.ORGANIASJONEN.....</b>	<b>4</b>
1.1 STYRET .....	4
1.2 PERSONALET .....	4
<b>2. UTFØRT ARBEID.....</b>	<b>4</b>
2.1 OPPSYNSARBEID .....	4
<i>Kontrollar, advarslar og anmeldelsar.....</i>	4
2.2 INFORMASJONSARBEID.....	5
2.3 SEKRETÆRFUNKSJONAR.....	5
2.4 REGISTRERINGSARBEID M.M.....	5
2.5FELTARBEID FOR FORSKNINGSINSTITUSJONAR.....	5
<i>Villrein .....</i>	5
<i>Fjellrev.....</i>	5
<i>Vatnkvalitet .....</i>	5

**VEDLEGG , PUBLIKASJONAR FRÅ HF I 2000**

# 1. Organiasjonen

## 1.1 Styret

Styret har vore samansett av styreleiar Ragnar Ystanes og styremedlemene Henry Hereid og Sigurd Gudmundsen og Liv I. Myklatun. Liv I Myklatun vart valt til ny styrerrepresentant for Henry Hereid. Styret har handsama 20 saker.

Generalforsamling vart avhelde på Halne Fjellstove 16.06.00. Det var også eit aksjonærmøte i samband med generalforsamlinga.

## 1.2 Personalalet

Det har vore 7 fast tilsette medarbeidarar i selskapet i 2000. Hans-Jørgen Jahren har vore tillitsvald og verneombud. Georg Gjøstein har vore dagleg leiar. Ein har hatt midlertidig tilsett eitt sesongoppsyn i samband med sommarsesongen og villreinjaka. (Tabell 1.)

Det har vore 3 personalmøter og det er gjennomført medarbeidersamtaler med dei tilsette. Arbeidsgjevar har sendt ut 30 informasjonsskriv til personalet (HF-info).

Tabell 1. Fast tilsette og sesongoppsyn i 2000

Tilsett	Stillngstorlek
Georg Gjøstein	100 %
Trine Hilstad	75%
Kåre Hallingstad	75%
Hans- Jørgen Jahren	50% t.om 01.08.00 så 66,7%
Bjørn Haugen	50%
Helge Bitustøy	50%
Magne Hallanger	50%
Harald Bolstad	3 mnd juli - september

# 2. Utført arbeid

## 2.1 Oppsynsarbeid

Oppsynsarbeidet har skjedd på oppdrag frå fjellstyra kring Hardangervidda og Statens naturoppsyn.

### Kontollar, advarslar og anmeldelsar

Totalt er det kontrollert 513 personar på Hardangervidda av oppsynspersonell tilsett av Hardangervidda Fjelloppsyn as. Det er gjeve 7 advarslar og føreteke 9 anmeldelsar.

Tabell 1. Antall kontrollerte

Tema	Antall kontrollerte
Motorferdsel sommar og vinter	114
Småviltjegerar	44
Storviltjegerar	219
Fiskerar	136
<b>SUM</b>	<b>513</b>

Tabell 2. Antall advarslar og anmeldelsar

Tema	Antall advarslar	Antall anmeldelsar
Motorferdsel sommar og vinter	1	4
Småviltjegerar	-	-
Storviltjegerar	4	3
Fiskerar	1	2
Hundeeigarar (bandtvang bestemmelsar)	1	-
<b>SUM</b>	<b>7</b>	<b>9</b>

## 2.2 Informasjonsarbeid

Gjennom kontakt med publikum, er det gjeve muntleg informasjon til **1586 personar**. Innhaldet i informasjonen favnar vidt, men opplysninga det er vanleg å koma med er m.a. historikk om nasjonalparken, forslag til tur og løypeval, salgstader for jakt og fiskekort, informasjon om plante og dyrelivet, utgreiing om lover og reglar i høve til nasjonalparken og utøving av jakt og fiske.

I sommarsesongen har fjelloppsynet bemanna Tinnhølenhytta på tider ein har forventa mykje trafikk. Tinnhølenhytta var likeeins vore bemanna i store delar av villreinjakta for å kunne bistå jegerane med informasjon.

## 2.3 Sekretærfunksjonar

Fjelloppsynet har ivareteke sekretærfunksjonen for følgjande fjellstyrer: Rauland, Øvre Numedal, Ullensvang, Odda, Fellessstyret for Ullensvang statsallmenning og Ulvik. Ein har også teke hand om sekretærfunksjonen for Samarbeidsorganet for fjellstyrta på Hardangervidda og utført sekretærarbeid i samband med eit kurs i regi av Norges Fjellstypesamband.

## 2.4 Registreringsarbeid, skjøtsel og vedlikehald m.m.

Det er gjort eit omfattande registreringsarbeid av søppel og skrap i nasjonalparken på oppdrag frå Statens naturoppsyn. Ein deltok også under rotenonbehanlinga i Holmetjørnvassdraget. På oppdrag frå fjellstyrta er det utført vedlikehald av hytter, transport til hytter, renovering og fiskekultivering m.m.

## 2.5 Feltarbeid for forskningsinstitusjonar

### Villrein

Fjelloppsynet har delteke med mannskap i samband med registreringar av vinterbeite for villrein samt registreringar under kalving.. Ein har også delteke i samband med telling av kalveproduksjonen, radiomerking av villrein og peiling av radiomerkte dyr på oppdrag frå NINA-NIKU.

### Fjellrev

Fjelloppsynet har utført feltmessige registreringar av fjellrev på oppdrag frå NINA-NIKU.

### Vatnkvalitet

Fjelloppsynet har henta vassprøver i samband med prosjekt prikkaure på oppdrag frå Universitetet i Bergen.

Det er utført totalt 10171,5 timeverk i selskapet i 2000 (Tabell 3). Dette utgjer årsverk 5,6 årsverk. Av dette er 8397,5 timer utført for 13 eksterne oppdragsgjeverar.

Tabell 3. Arbeid utført av Hardangervidda Fjelloppsyn as i 2000

<b>Oppdragsgjevar</b>	<b>Type arbeid</b>	<b>Timar</b>
<b>Eidfjord fjellstyre</b>	Oppsyn, vedlikehald av hytter, fiskekultivering	348
<b>Ulvik fjellstyre</b>	Oppsyn, vedlikehald av hytter, fiskekultivering, sekretariat	704,5
<b>Ullensvang fjellstyre</b>	Oppsyn, vedlikehald av hytter, sekretariat	535
<b>Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning</b>	Oppsyn , vedlikehald av hytter, sekretariat	185
<b>Odda fjellstyre</b>	Oppsyn, sekretariat	215,5
<b>Røldal fjellstyre</b>	Oppsyn, vedlikehald av hytter	327
<b>Rauland fjellstyre</b>	Oppsyn, sekretariat	114
<b>Øvre Numedal fjellstyre</b>	Oppsyn, vedlikehald av hytter, sekretariat	984
<b>SfH</b>	Sekretariat	285
<b>Statens naturopsyn</b>	Oppsyn, skjøtsel, informasjonsarbeid	3913,5
<b>Universitet i Bergen</b>	Prikkareprosjekt	66
<b>NINA-NIKU</b>	Fjellrevprosjekt, studier v/ kalving , kalvetelling og radiomerking av villrein. Beitegransking.	702
<b>Norges Fjellstypesamband</b>	Sekretariat v/ kurs	18
<b>Anna arbeidstid</b>	Administrasjon, kurs, fagmøter, personalmøter, tillitmannsarbeid m.m.	1774
<b>SUM</b>		<b>10171,5</b>

Vedlegg 1.

Liste over rapportar utarbeida av Hardangervidda Fjelloppsyn as 1999

Rapport nr	Rapporten tittel
01 - 2000	Årsrapport for arbeid som er utført for Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning i 1999
02 - 2000	Årsrapport 1999 for Hardangervidda Fjelloppsyn as
03 – 2000	Årsrapport for arbeid utført for Ulvik Fjellstyre 2000
04 – 2000	Årsrapport for arbeid utført for Eidfjord Fjellstyre 2000
05 – 2000	Årsrapport for arbeid utført for Odda Fjellstyre 2000
06 – 2000	Årsrapport for arbeid utført for Rauland Fjellstyre 2000
07 – 2000	Årsrapport for arbeid utført for Ullensvang Fjellstyre 2000
08 – 2000	Årsrapport for arbeid utført for Røldal Fjellstyre 2000
09 – 2000	Årsrapport for arbeid utført for Øvre Numedal fjellstyre 2000
10 – 2000	Årsrapport for arbeid som er utført for Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning i 2000
11 – 2000	Årsrapport for oppdrag som er utført på oppdrag frå Statens naturoppsyn i 2000
12 – 2000	Årsrapport 2000 for Hardangervidda Fjelloppsyn